




## Årsmelding 2012



1873-2013



Sparebank 1 Lom og Skjåk er 140 år i 2013. Lom og Skjåk Sparebank vart formelt stifta i 1873 og opna si verksemd på Andvord i Lom 2. januar 1874. Håvard Teigen skreiv i 1998 boka "Banken som bygdeutviklar" i høve 125 års-jubileet. Vi tek her med eit lite utdrag frå denne boka. Mykje av det som er attgjeve her og i boka til Teigen er direkte sitat frå boka som vart utgjeven i høve 75-års jubileet til banken. Ein del har sjølv sagt endra seg sidan 1998. Sparebank1 er for lengst ein realitet og banken har utvida sitt virkeområde med kontor både på Vågå og Dombås i tillegg til avdelinga i Bismo og hovudkontoret i Lom.

Historia til Lom og Skjåk Sparebank har ikkje berre lokal, men også nasjonal interesse. Dette er det to grunnar til. Den eine er, merkjeleg nok, at banken alltid har vore lokal. Banken har aldri slått seg saman med andre bankar og har heile tida vore den dominerande banken i desse bygdene. Derfor kan ei historie om samlivet mellom denne banken og bygdene gje allmenn innsikt i tilhøvet mellom bank og lokalsamfunn over ein så lang periode.

Den andre grunnen er også knytt til at banken aldri har fusjonert. Historia til Lom og Skjåk Sparebank kan gje innsikt i det som fleire og fleire oppdagar: at det ikkje er stordriftsfordelar i bankdrift. Forbrukargranskingar viser at dei små og mellomstore bankane med hovudankring i ein region gjev dei beste økonomiske tilboda til kundane sine og får takk tilbake i form av størst kundelojalitet.

Eit gammalt uttrykk som vi alle kjenner er at «det kjem an på auga som ser». Dette gjeld også historia til Lom og Skjåk Sparebank og det samfunnet som denne banken har utvikla seg saman med. Eg har prøvd å vere tvisynt på den måten at eg med det eine auga ser langt og vidt medan eg med det andre prøver å fange inn det spesielle og det lokale.

Med det eine auga kan vi sjå historia til banken og bygdene som eit uttrykk for korleis heile det norske samfunnet har utvikla seg i løpet av dei åra banken har verka.

Det er interessant å sjå historia til banken og bygdene i eit slikt perspektiv. Vi får på den måten fanga inn den økonomiske historia sett nedanfrå og frå ein norsk utkant på same tida som vi fangar inn dei sentrale trekka ved den nasjonale og internasjonale økonomiske historia. Sett med dette auga ser vi at da banken vart grunnlagt i 1873 var det ein del av sparebankvesenets allmenne framvekst i Norge.

Lom og Skjåk Sparebank kom verken spesielt tidleg eller spesielt seint. Dei første sparebankane kom i dei største byane og spreidde seg derifrå og ut over landsbygda og opp over dalane til fjellbygdene.

## Avgjerande vegval

I seinare fasar kan vi studere korleis Lom og Skjåk Sparebank, som alle andre småbankar, må ta avgjerande vegval. Talet på sparebankar har vorte redusert til omlag ein femtedel i høve til tidleg på 1960-talet (i 1998).

Sett med det same auga kan vi bruke bankens historie til å vise korleis dei første tjue åra vart prega av ei internasjonal krise. Det billege kornet frå dei amerikanske præriane kom inn og ungdomane i bygdene vandra ut til landet der markens grøde var så mykje rikare. Seinare studerer vi dei lokale verknadene av høgkonjunkturen etter første verdskrig og korleis dei mange lokale opp- og nedturane seinare i sterkare og sterkare grad har vore lokale etterdønningar frå internasjonale stormkast.

Kort sagt: med dette auga kan vi studere ei utvikling og vise korleis Lom og Skjåk via den lokale sparebanken har utvikla seg frå lokale krets- laup til å bli ein del av den moderne globaliseringa. I dag blir ikkje rentenivået vedteke verken av regjeringa eller bankstyret, men følgjer oljeprisane på verdsmarknaden. Både regjering og bankstyre tilpassar seg etter beste evne.

Ein kan leite etter det spesielle ved denne banken og desse bygdene. Det er her tvisynet kjem inn. Ved å leite etter det spesielle kan vi kanskje seie noko meir om dette: er det mogleg i dag å trasse dei store globale utviklingstrekk og å skape seg si eiga historie? Er det mogleg å vere kjerringa mot straumen i finanssektoren, den mest internasjonale og globale delen av verdsøkonomien? Ingenting flyt i dag lettare og i striare straumar over landegrensene enn pengar og kapital.

Også her er Lom og Skjåk Sparebank eit studium verdt. Banken har på mange område hatt ei utvikling som nesten minner om å oppheve tyngdelova. Spesielt i etterkrigstida har banken også fått som ein meir og meir uttala politikk å symje motstraums.

## Negativ befolkningsutvikling

Kommunane Lom og Skjåk har i dei fleste åra som banken har eksistert hatt ei dårlegare utvikling enn landet elles. Dette gjeld spesielt kundegrunnlaget for banken. Flyttestraumen av folk har gått medstraums frå fjellbygdene til flatbygdene og Oslofjord-området der byane har teke imot.

Men, medan folketalet heile tida har utvikla seg dårlegare enn landsgjennomsnittet, har Lom og Skjåk Sparebank så og seie heile tida hatt ei betre utvikling enn landsgjennomsnittet av sparebankar.

Dette minner ikkje så lite om å oppheve tyngdelova. Men det stoppar ikkje her. Dei fleste små og sjølvstendige sparebankane meistrar marknadskreftene med å unngå utfordringane. Det vil seie at dei unngår risiko og er bankar først og fremst for personkundane slik sparebanktanken opprinneleg var. Slik er det ikkje med Lom og Skjåk Sparebank. Denne banken har gått inn i risikofylte næringslivsengasjement med fynd og klem, har teke store risikoar og har nå i år etter år vore ein av dei sparebankane i landet som har hatt størst tap i høve til forvaltningskapitalen. Også dette har vore resultat av eit vanskeleg vegval. Banken har teke ansvar for lokalsamfunnet og har nesten «nekt» bedrifter å gå konkurs.

Så har vel dette ført til at Lom og Skjåk Sparebank har kome i krise og har vorte tappa for eigenkapital? Svaret er nei. Og forklaringa er at banken driv så godt at sjølv i dei største tapsåra har banken jamt over auka eigenkapitalen. Lom og Skjåk Sparebank er rett og slett ein av dei bankane i landet som driv billegast.

Også her har banken tilsynelatande oppheva ei naturlov. Medan så og seie alle bankfusjonar i teorien har vorte grunngeve med å spare kostnader, har Lom og Skjåk Sparebank gjort det i praksis. Banken har i alle år drive langt billegare enn sin lokale konkurrent (Sparebanken Nor) som er den største sparebanken i landet. Dette er ikkje berre å oppheve ei påstått tyngdelov, men det er nesten kjettersk.

At samanslåingar og stordrift er sikraste vegen til evig liv og himmelriket, er ei truedkjening som media messar om mange gongar kvar dag. Men det er ikkje media som har skulda eller som har funne det opp. Sparebankhistoria er ei einasta lang forteljing om at også styresmaktene og dei leiande kretsane i Sparebankforeininga har slutta seg til den nyaste av alle verdsreligionar. Dei fleste utgreiingane om bankstrukturen i etterkrigstida kan lesast som fortløpane evangelium om den same Messias: storbanken som frelsar.



Lom og Skjåk Sparebank er derfor svært interessant å studere også som einstøying. Som kjerringa mot straumen. Men banken er ikkje spesiell av di den er sjølvstendig, men på grunn av måten han er sjølvstendig på. Banken tek altså stor risiko i motsetnad til det vanlege blant små og mellomstore sjølvstendige sparebankar. Da andre bankar innførte eit «gebyrregime», gjekk Lom og Skjåk Sparebank ut i riksmedia og sa NEI. Dei hadde ei moralsk kontrakt med sine kundar om å bruke sjekken gratis og ville ikkje endre kontrakta i ettertid.

### *Satsa på Oslo-marknaden*

Da andre småbankar valte å konsentrere seg om heimemarknaden der dei hadde monopol, satsa Lom og Skjåk Sparebank på Oslo-marknaden der konkurransen om kundane er størst.

Kva er forklaringa på denne suksessen med å gå mot straumen og å oppheve allment godtekne tyngdelover? Eg har lagt til grunn at forklaringa ikkje ligg berre i banken, men i tilhøvet mellom bank og bygd. I denne boka prøver eg derfor å studere banken som del av ein lokal kultur, ei lokal historie og eit lokalt nettverk. Banken si historie er eit resultat av dette lokalsamfunnet sine formelle og uformelle spelereglar, eller institusjonar som det ofte blir kalla.

Vi ser korleis det gamle og tradisjonelle slektsamfunnet vart planta inn i banken og på den måten vart ein del av moderniseringa i bygdene. Dei same familiane og dei same nettverka har dominert banken og bygdene i slektsledd etter slektsledd, men nye grupper blir teke opp, integrert og inkludert. Det er spesielt spennande å sjå korleis det gamle bondesamfunnet og den nye arbeidarrørsla fann kvarandre nettopp i samvirke-tiltak som sparebanken, forbrukarsamvirket og foredlingsindustrien i landbruket. Dette gav lokalsamfunnet styrke og motstandskraft gjennom samarbeid der alternativet kunne ha vore konflikt.

Eg har opplevd det som viktig, riktig og fruktbart å studere utviklinga med båe augo. Med det auga som ser banken som del av den allmenne utviklinga får ein også betre føresetnad for å forstå og å analysere i kor stor grad banken verkeleg er spesiell. Nyare granskingar viser at Lom og Skjåk Sparebank kanskje likevel ikkje er så spesiell når banken driv så godt. Nyare granskingar viser nemleg at dei små sparebankane jamt over gjev kundane betre vilkår enn dei store. Det er den nye verdsreligionen, trua på stordriftsfordelane, som viser seg å vere feil. Det er ikkje stordriftsfordelar i bank.

Rett nok står det fast at Lom og Skjåk Sparebank også er blant dei beste av dei mindre og sjølvstendige sparebankane, men det mest spesielle med banken ser ut til å vere at han har så lojale og tilfredse kundar. Ei stor bankgransking gjort i 1998 viste at Lom og Skjåk Sparebank i særstilling var den banken som hadde dei mest tilfredse kundane. Banken var så suverent i tet blant dei bankane som vart undersøkt at instituttet som gjorde granskinga uttala at banken truleg var på toppen, kanskje heilt på toppen, blant alle bankane i landet.

Ei gransking som finanstidsskriftet Dine Penger gjorde omtrent på same tida viste at Lom og Skjåk Sparebank var blant dei aller fremste bankane (nummer sju av ca 150) for ein nyetablert kunde som har større lån enn innskot. Banken var derimot meir på det jamne for kundar med større innskot enn lån. Lom og Skjåk Sparebank er med andre ord ein betre bank for fattig enn for rik.

Det vi ut frå dette kan seie er at sjølv om banken objektivt sett er god, så blir han opplevd som enda betre enn han er. Kvifor? Patriotisme ligg der som ei mogleg forklaring. At banken aldri har gjort kundane noko pek, men har halde seg unna upopulære gebyr er eit anna element. Banken er rett og slett god på mange ting som ikkje er målbare. Dessutan betaler banken alle rekningane til kundane sine utan å ta seg betalt for arbeidet. Det er ikkje med i reknestykka og gjer at banken kanskje er enda betre enn det finanstidsskriftet kom fram til.

På den andre sida viser denne boka at banken har hatt kjenneteikn som også kunne ha slege negativt ut. Etter andre verdskrig viste det seg at NS-medlemmene sat tett i styre og forstandarskap. Alle laut ut. Sjølv om nye grupper er teke opp har banken vore sterkt dominert av bondestanden. Anna næringsliv har vore underrepresentert. Det har også kvinnene vore.

Likevel oppsummerer det positive og det negative seg til at knapt nokon bank i landet har meir tilfredse kundar. Eg vonar at boka vil gje djupare innsikt i korleis folk og bank kan kome så nær kvarandre.

### *Hadde greidd seg utan bank i alle år*

Den lange striden og dei mange førebuingane fram til banken vart starta opp i 1873 vart godt og nøyaktig skildra i boka som banken gav ut til 75-årsjubileumet. Den spennande forteljinga om korleis ideen om ein bank kom til bygda og slo rot, fortel i seg sjølv noko om bygdesamfunnet. Gjennom folketeljinga to år etter at banken vart til

får vi vite meir om samfunnet. Vi får eit bilete av korleis folk vart plasserte i det gamle standsamfunnet, og vi får eit inntrykk av kva dei arbeidde med og kva dei levde av. Dette finn vi meir om i lensmannsmeldingar og andre kjelder som fortel om lønsnivå og prisar på dei viktigaste varene.

På siste delen av 1800-talet skjer det vesentlege endringar i Lom og Skjåk. Det blir skipa bank og forsikringselskap i bygdene. Butikkar veks opp i mest kvar ei grend. Det kjem endringar i reiskapsbruken i jordbruket.

Alt dette er teikn på at pengar må ha fått ein større eller ein annan plass i bygdesamfunnet. Sjølvbergings-, bytearbeids- og bytehandelsøkonomi hadde tidlegare gjort at få eller ingen sakna butikk eller bank. Men nå kom nye kjøpevarer inn også i det vanlege hushaldet til delar av bygdefolket. Mange var skeptiske til framgangen. Kaffedrikken var noko av det nye. Mange likte det ikkje, og kaffekjelen vart kalla «den svarte penningtjuven».

Men det skjedde meir og på mange måtar større endringar samstundes. Kan hende det aller viktigaste var at folk tok til å rømme bygdene i strie straumar. Dei fór til byen og fann seg arbeid der. Mange reiste vidare til Amerika, eller dei reiste direkte utan byen som mellomstasjon.<sup>1</sup> Etter kvart gjekk den strie straumen direkte frå bygda til Amerika. Folketalet byrja å gå ned. Ikkje berre det.



Oppstartingsåra for banken fall saman med den store utvandringa til Amerika. Det er to ulike måtar å sjå utvandringa på i høve til banksoga. Den eine er at bygdesamfunnet vart tappa for oppspart kapital og store menneskelege verdjar. Omvendt kan ein leggje vekt på at utvandringa gjorde at det vart så stort folketal å brøfø på små åkerlappar. På bildet blir det gjort klart for at emigrantskipet Montebello skal leggje frå kai i Bjørvika i 1903.

Foto: Anders Beer Wilse. Utlånt frå Norsk Folkemuseum.



«Lom og Skjåk Sparebank gjennom 75 år» vart skriva til 75-årsjubileumet. Det var dei to som hadde vore tilsett i banken ei stund, bank-sjef Austin og Torstein Brustugun som arbeidde med dette og dokumenterte utviklinga i banken fram til krigen svært godt.

Husmannsvesenet viste teikn til å gå i oppløysing. Den store utvandringa hang saman med den sterke folkeveksten som hadde vore frå fyrst på 1800-talet. Omreisande handelsmenn bar bod om butikken som skulle kome. Ja, dei fyrste hadde alt prøvd seg med å drive butikk på midten av 1800-talet, men levetida til desse fyrste landhandleria var kort. Rike bygdefolk hadde lenge drive pengeutlån på privat basis.<sup>2</sup> Endringar i reiskapsbruken i jordbruket skreiv seg truleg frå tidlegare på 1800-talet også i Lom og Skjåk

### Lom og Skjåk sparebank stifta

Lom og Skjåk Sparebank vart formelt stifta i 1873, og opna verksemda si 2. januar 1874 på Andvord i Lom. På dette tidspunktet hadde sparebankvesenet i Norge ei 50-årig historie. Den fyrste sparebanken, Christiania Sparebank, kom i 1822. Det starta altså i hovudstaden. Denne etableringa var ein impuls eller eit startskot for mange andre. I 1840, 18 år etterpå, var det danna ikkje mindre enn 24 sparebankar. Men, berre tre av desse låg på landsbygda.

Sparebankideen kom frå utlandet. I jubileumsboka som vart gjeve ut ved 75-årsjubileumet, peika forfatterane på den skotske presten Henry Duncan som fadder for sparebankane. I 1810 skipa han og andre sparebank i den vestre byen Ruthwell. Nyare forskning har vist at Duncan ikkje var fyrst ute likevel. Dei fyrste sparebankane fann vi truleg i Tyskland. Etter initiativ frå «Hamburgs selskap til fremme av kunst og nyttige tiltak» vart Hamburger Sparcasse grunnlagd 32 år før den skotske banken.

Etter denne fyrste etableringa i Hamburg året 1778 spreidde sparebanktanken seg til fleire byar i Tyskland. Vanskelege år med revolusjon og napoleonskrigar gjorde at mange av bankane vart nedlagde, slik at det i 1817 var berre fem aktive sparebankar.



Den gamle bygningen på garden Andvord der Lom og Skjåk Sparebank starta opp bankverksemda den 2. januar 1874. Den nørde delen i fyrste etasje kan vere oppført så tidleg som på 1600-talet. Utlånt frå Jenny Andvord.

Trass i at sparebankane oppstod i Tyskland, var det Storbritannia som skapte industrialiseringa og det moderne pengesamfunnet som la grunnlaget for eit bankvesen til nytte for folk flest. Presten Duncan vil ha sin plass i historia som spareideolog, sjølv om han ikkje var fyrst ute med sparebanken sin. Som spareideolog sette han opp desse grunnsetningane for bankdrift:

- Folket skal lære seg å skjønne nytten av sparemd. Jamvel dei fattigaste har ofte utlegg som ikkje er naudsynte
- Når ein sparebank er grunnlagd, skal han halde fram ved hjelp av eigne middel.
- Sparebanken skal ha ein fast og definitiv skipnad.
- Sløsing skal straffast, sparemd skal lønast.

### Det lange svangerskapet

I boka Lom og Skjåk Sparebank gjennom 75 år vart det lange svangerskapet frå 1838 fram til banken var ein realitet i 1873, skildra:

Da den fyrste planen for Loms og Skiagers Sparebank vart approbert ved «høyeste resolution» av 27. mai 1873, var det gått over 35 år sidan tanken om ein sparebank for desse bygdene fyrste gong var bori fram offentleg. Gardmann Tosten Knudsen Ekle hadde nemleg så tidleg som 9. februar 1838 i skriv til Lom formannskap gjort framlegg om å skipa ein sparebank for Lom. (Lom og Skjåk var på den tida og fram til 1863 ein kommune.) Det er naturleg at dette skrivet ikkje førte til noko positivt resultat. Ein må vera merksam på at dette berre var eit par tiår etter den store krisa Noreg gjekk igjennom i åra kring 1814.

Det var og berre 16 år etter at den fyrste sparebanken vart grunna her i landet, og 17 år før den fyrste sparebanken i Gudbrandsdalen vart grunna. Det er derfor så mykje meir forvitneleg at det i ei avstengd bygd som Lom verkeleg fans menn som fylgde så godt med at dei i det heile kunne fostre ein tanke som denne på den tida. Omgrepet sparebank var den gong tvillaust ikkje alment kjent korkje her i bygdene eller i landet elles. Den fyrste sparebanken var grunna i 1822 (Christiania Sparebank), den fyrste landssparebanken fyrst i 1835 (Søndre Hedemarkens Sparebank), og sparebankane hadde såleis enda ikkje vaksi fram til nokon framskoten plass i medvitet hos det breie lag av folket.

Neste gong tanken om å skipa ein sparebank for Lom og Skjåk kom offentleg fram var i 1849, da kyrkjesongar Flotten gjorde framlegg om dette til Lom formannskap. Med framlegget fylgde og plan for ein sparebank, og saka vart drøfta i formann- og representantskap den 20. mars 1849. I 1855 var tanken om skiping av ein sparebank atter framme. Denne gong var det Ole G. Kvale som sende framlegg og plan om dette. Dessverre er møteboka til heradsstyret borte frå denne tida, og ein kjenner såleis ikkje vedtaka som vart gjort i saka.

Det er truleg at tanken om å skipa ein sparebank på denne tida hadde vaksi seg sterk. I nabokommunen Vaage (Vågå) vart ein sparebank grunna dette året, og det kunne derfor liggje nær for Lom å gjera det same. Det er truleg at ymse tilhøve har gjort at tida likevel enda ikkje var mogen for dette tiltaket. Lom og Skjåk var som nemnt enda berre ein kommune, men deling av kommunen var sikkert eit aktuelt emne. Berre det kunne gjera sitt til at det var vanskeleg å få skipa ein sparebank i bygda den tida.

### Ole Johannessen Staff

Den mannen som har vorti ståande som grunnleggjaren av Lom og Skjåk Sparebank er lensmann Ole Johannessen Staff. Staff var fødd på Østre Toten i 1799. Ei tid var han kontorist hos amtmannen i Kristians amt, og i åra 1821–1832 lensmann i Vågå. I 1837 vart han lensmann i Lom, og same året gift med Rønnaug Graffer, som var gardgjente, og Staff vart såleis gardbrukar på Graffer óg. Staff var i fleire perioder stortingsmann, (1836–1842) var visesekretær i Odelstinget og medlem av budsjettnemnda. Han var med på gjennomføringa av formannskapslova i 1837, og vart fyrste ordføraren i Lom og Skjåk (ordførar frå 1838–1846).

Det som gjer at namnet til lensmann Staff er knytt til Lom og Skjåk Sparebank, er at han i testamentet



Lensmann Ole Johannesen Staff har vore sett på som grunnleggjaren av Lom og Skjåk Sparebank sjølv om han døydde tolv år før banken starta opp. Grunnen til dette er at han testamenterte 200 spd. (800 kroner) til fond for ein sparebank. Dette foto-grafiet er teke av minnesteinen som Skjåk Sparebank reiste på kyrkjegarden i Lom i 1923.

sitt frå 14. desember 1861, ei veke før han døde (21. desember 1863), har teki inn fylgjande: Til Fond for en Sparebank i Lom's Prestegjæld skjænker jeg 200 – to Hundrede Speciedaler.

Med dette var grunnlaget lagt for ein sparebank i bygda. Det skulle likevel koma til å gå enda mange år før denne planen vart til nokon realitet. I 1863 vart Lom og Skjåk delt i to kommunar, og dette gjorde det sjølvsagt vanskeleg dei fyrste åra etterpå å få gjort noko med planane om ein sparebank. Til dette kom at det vart ein langvarig prosess mellom enkja etter lensmann Staff og dei testamentariske arvingar om det nemnde testamentet. Garden Graffer vart i desse åra avhenda til Jakob Laurgaard, og pengane som var testamentert til grunnfond for ein bank, vart ståande i garden, slik at prosessen i røynda verserte mellom enkefru Staff og Jakob Laurgaard på den eine sida, og Lom og Skjåk kommunar på den andre sida.

Forliksklage vart utteken alt den 26. juli 1862, og saka verserte i underrett og overrett i over 10 år.

Av enkefru Staff og Jakob Laurgaard vart mellom anna hevda at dei ikkje kunne ha noka plikt til å betale pengane til grunnfond for ein sparebank så lenge denne ikkje var oppretta. Kommunestyra hevda det motsette, nemleg at pengane fyrst laut betalast før ein kunne gå til skiping av ein bank.

Frå eit sammøte av heradsstyra i Lom og Skjåk den 29. mai 1869 finn ein likevel at det er gjort vedtak om å opprette ein sparebank for bygdene. Om dette heiter det i møteboka:

Ved Testamente af 14de December 1861 har afdøde Lensmand Staff skjænket 200 Sp. til Grundfond for en Sparebank i Lom. Den nuværende Eier af Gaarden Graffer gjør imidlertid Ophævelse og vil ikke betale de legarede Penge førend en Sparebank er oprettet. Communebestyrelsen har staaet, og staaer fremdeles i den formening, at bemeldte Penge fyrst burde været betalte, og at Communebestyrelsen fyrst da skulde fattet

de fornødne Beslutninger; men uaktet dette, fandt Forsamlingen sig dog foranlediget til at fatte saadan beslutning:

- En Sparebank bliver at oprette i Lom Thinglag, til hvis Grundfond bliver at anvende ovennævnte 200 Spd.
- Den i Forsamlingen fremlagte Plan for denne Indretning vedtoges enstemmigt.
- Indretningen træder i Virksomhed saa snart Planen er forsynet med naadigst Approbation.

Ein får ei kjensle av at dette vedtaket var noko forsert for å få ein endskap på tretta om pengane til fond for banken. Det er rett nok lagt ved ein plan for ein sparebank på dette møtet, men ein kan ikkje finne at det vart gjort noko for å få planen approbert. I mellomtida gjekk rettsaka sin gang, og frå møte i Lom heradsstyre den 11. september 1869 kan ein finne referert:

Skrivelse fra Overretsagfører Scharffenberg af 27de f. M., hvorved Communebestyrelsen underrettes om, at den Sag, som Communen har ført mod Rønnaug Graffer eller Jakob Laurgård om betaling af 200 Spd. til Grundfond for en Sparebank i Lom er paadømt ved Underretten med det Resultat, at Communen er tilkjendt Beløpet med Renter fra Sparebankplanens Antagelse i Communebestyrelsen den 29. Mai d. A. Overretsagføreren antager at Communen burde været tilkjendt Renter fra Forligsklagens Dato 26. Juli 1862, og at Dommen på Grund deraf bør appelleres til Overretten. I Forbindelse med denne Skrivelse underrettedes Forsamlingen om, at Ordføreren havde underrettet Skiagers Formandskab om det samme, og at Ordføreren da havde tilkjendegivet at Sagen var behandlet i Skiagers Formandskab, som har besluttet, at denne Corporation Intet havde imod at Sagen bliver appelleret til Overretten.



Prestane var viktige for bygdeutvikling på 1800-talet. Dei tok med seg impulsar og kunnskap frå bygd til bygd når dei skifta prestekall. Soknepresten i Lom 1851-1863, Julius Aars, hadde vore med og grunna Lier Sparebank før han kom til Lom. Etterkomaren hans i prestestolen, Honoratius Halling, hadde tidlegare vore med å grunna Spareskillingsbanken. Sannsynlegvis arbeidde dei også for å starte opp bank i Lom. Utlånt av Gudrun Stamstad.





Lensmann Ole Johannesen Staff har vore sett på som grunnleggjaren av Lom og Skjåk Sparebank sjølv om han døydde tolv år før banken starta opp. Grunnen til dette er at han testamenterte 200 spd. (800 kroner) til fond for ein sparebank. Dette foto-grafiet er teke av minnesteinen som Skjåk Sparebank reiste på kyrkjegarden i Lom i 1923.

sitt frå 14. desember 1861, ei veke før han døde (21. desember 1863), har teki inn fylgjande: Til Fond for en Sparebank i Lom's Prestegjæld skjænker jeg 200 – to Hundrede Speciedaler.

Med dette var grunnlaget lagt for ein sparebank i bygda. Det skulle likevel koma til å gå enda mange år før denne planen vart til nokon realitet. I 1863 vart Lom og Skjåk delt i to kommunar, og dette gjorde det sjølvsagt vanskeleg dei fyrste åra etterpå å få gjort noko med planane om ein sparebank. Til dette kom at det vart ein langvarig prosess mellom enkja etter lensmann Staff og dei testamentariske arvingar om det nemnde testamentet. Garden Graffer vart i desse åra avhenda til Jakob Laurgaard, og pengane som var testamentert til grunnfond for ein bank, vart ståande i garden, slik at prosessen i røynda verserte mellom enkefru Staff og Jakob Laurgaard på den eine sida, og Lom og Skjåk kommunar på den andre sida.

Forliksklage vart utteken alt den 26. juli 1862, og saka verserte i underrett og overrett i over 10 år.

Av enkefru Staff og Jakob Laurgaard vart mellom anna hevda at dei ikkje kunne ha noka plikt til å betale pengane til grunnfond for ein sparebank så lenge denne ikkje var oppretta. Kommunestyra hevda det motsette, nemleg at pengane fyrst laut betalast før ein kunne gå til skiping av ein bank.

Frå eit sammøte av heradsstyra i Lom og Skjåk den 29. mai 1869 finn ein likevel at det er gjort vedtak om å opprette ein sparebank for bygdene. Om dette heiter det i møteboka:

Ved Testamente af 14de December 1861 har afdøde Lensmand Staff skjænket 200 Sp. til Grundfond for en Sparebank i Lom. Den nuværende Eier af Gaarden Graffer gjør imidlertid Ophævelse og vil ikke betale de legarede Penge førend en Sparebank er oprettet. Communebestyrelsen har staaet, og staaer fremdeles i den formening, at bemeldte Penge fyrst burde været betalte, og at Communebestyrelsen fyrst da skulde fattet

de fornødne Beslutninger; men uaktet dette, fandt Forsamlingen sig dog foranlediget til at fatte saadan beslutning:

- a. En Sparebank bliver at oprette i Lom Thinglag, til hvis Grundfond bliver at anvende ovennævnte 200 Spd.
- b. Den i Forsamlingen fremlagte Plan for denne Indretning vedtoges enstemmigt.
- c. Indretningen træder i Virksomhed saa snart Planen er forsynet med naadigst Approbation.

Ein får ei kjensle av at dette vedtaket var noko forsert for å få ein endskap på tretta om pengane til fond for banken. Det er rett nok lagt ved ein plan for ein sparebank på dette møtet, men ein kan ikkje finne at det vart gjort noko for å få planen approbert. I mellomtida gjekk rettsaka sin gang, og frå møte i Lom heradsstyre den 11. september 1869 kan ein finne referert:

Skrivelse fra Overretsagfører Scharffenberg af 27de f. M., hvorved Communebestyrelsen underrettes om, at den Sag, som Communen har ført mod Rønnaug Graffer eller Jakob Laurgård om betaling af 200 Spd. til Grundfond for en Sparebank i Lom er paadømt ved Underretten med det Resultat, at Communen er tilkjendt Beløpet med Renter fra Sparebankplanens Antagelse i Communebestyrelsen den 29. Mai d. A. Overretsagføreren antager at Communen burde været tilkjendt Renter fra Forligsklagens Dato 26. Juli 1862, og at Dommen på Grund deraf bør appelleres til Overretten. I Forbindelse med denne Skrivelse underrettedes Forsamlingen om, at Ordføreren havde underrettet Skiagers Formandskab om det samme, og at Ordføreren da havde tilkjendegivet at Sagen var behandlet i Skiagers Formandskab, som har besluttet, at denne Corporation Intet havde imod at Sagen bliver appelleret til Overretten.



Prestane var viktige for bygdeutvikling på 1800-talet. Dei tok med seg impulsar og kunnskap frå bygd til bygd når dei skifta prestekall. Soknepresten i Lom 1851-1863, Julius Aars, hadde vore med og grunna Lier Sparebank før han kom til Lom. Etterkomaren hans i prestestolen, Honoratius Halling, hadde tidlegare vore med å grunna Spareskillingsbanken. Sannsynlegvis arbeidde dei også for å starte opp bank i Lom. Utlånt av Gudrun Stamstad.





**Beslutning:** *Communebestyrelsen antager, at omhandlede Sag bør appelleres til overretten. Ordføreren paalægges at foranstalte det Fornødne.*

Det syner seg såleis at vedtaket av 29. mai 1869 om å opprette ein sparebank likevel hadde sitt å seia, med det banken av underretten vart tilkjent renter frå denne dagen. Men som ein ser, hevdar sakføraren at renter burde ha vori tilkjent alt frå 26. juli 1862, og på dette prosederar så kommunane vidare. Det skulle seinare syne seg at «overretsagførerens» antagelse, ikkje vart delt av overretten. Sluttresultatet av denne langvarige prosessen finn ein referert fra møte i Lom heradsstyre den 7. mars 1874:

Ordføreren foreviste Forsamlingen Overrettsdom i Sagen mod Madam Staff angaaende af de 200 Spd. som Lensmand Staff havde testamenteret til et Grundfond for en Sparebank i Lom, og oplyste at Jakob Laurgaard under 28de Januar sidstleden havde betalt Beløbet med Renter fra 29 de Mai 1869, og at Beløbet med Renter tilsammen 246 Spd. 80 Skl. samme Dag overleveredes den midlertidige Kasserer for Sparebanken.

**Beslutning:** *Conklutionen af Overrettsdommen i omhandlede Sag bliver i bekræftet Stand at erhverve gennem Sagfører Scharffenberg i Vaage.*

Med dette grunnfondet på 200 spd. og renter 46 spd. 80 skl. vart det ikkje nokon vanske med spørsmålet om å skaffe middel til grunnfond for ein sparebank.

### Til røyndom i 1873

Fyrst i 1873 kom ein så langt at tanken om ein sparebank i desse bygdene vart til nokon røyndom. Den 19. februar dette året vart det haldi eit sammøte av heradsstyra i baa bygdene, og der vart så den endelege planen for ein sparebank vedteken. I eit nytt sammøte den 25. august same året vart referert at den vedtekne planen var approbert den 27. mai 1873, og denne sistnemnde dagen har seinare vori rekna som den dagen da sparebanken vart grunna. Fra nemnde møte finn ein vidare at det vart gjort desse vedtaka:

a. Forstanderskabet skal bestaa af 20 Medlemmer, nemlig 10 fra hver af Kommunene. Valg på disse foretoges med saadant Udfald:

For Lom: T. Sulheim, Hans Ekle, R. Blaker, G. Lindsøe, Ole G. Kvale, Syver Hørven, T. Studsnæs, E. Oukrust, Ole Sletten og K. Nordal.

For Skiaker: Ole O. Hørven paa Aanstad, Ole O. Skiager, P. Skamser, Kristen Haaven, O. Skattum, Hans Forberget, Lars Hoser, Sevald Sperstad, Ole Lund og Thore Flækøy.

b. Det paalægges Ordføreren at sammenkalde

disse til et Møde snarest muligt, hvor da det videre fornødne overensstemmende med Planen bliver at bestemme.

Af Felleskassens Midler bevilges det Beløb som det trenges for at Bankens Grundfond kan erholde den i Planens § 2 bestemte mindste Størrelse, nemlig 300 Spd.

Frå det fyrste møtet i forstandarskapet, som var samankalla av ordføraren i Skjåk, sokneprest Ottesen, finn ein dette referatet i fyrste møteboka til forstanderskapet:

Aar 1873 den 11. Desbr. sammentraadte Forstanderskabet for den ved kombineret Møde af Loms og Skiagers Kommunebestyrelse oprettede Sparebank for Lom og Skiager paa Gaarden Andvord.

Ordfører Ottesen afleverede til Forstanderskabet:

a. Plan for denne Indretning, forsynet med Kongelig Approbation af 27de Mai d. A.

b. Schema for Sparebankens Regnskaber, og hvorefter Extrakt af det Aarlige Regnskab bliver at indsende til vedkommende Regjerings Departement.

1. Til Direktører for Sparebanken blev derpaa valgte: Kirkesanger G. Lindsøe, Kirkesanger O. Skattum, Ole G. Kvale, Ole Hørven, Syver Hørven, T. Sulheim og Ole O. Skiager. Til Suppleanter valgte: Kristen Haaven, T. Studsnæs, og Ole T. Sletten.

2. Direktørerne foretog derpaa Valg på Formand og Viceformand med det Udfald, at Kirkesanger G. Lindsøe blev valgt til Formand og Kirkesanger O. Skattum til Viceformand.

3. Til Indretningens Kasserer og Bogholder antoges indtil videre Handelsbetjent Syver Hørven.

4. Det paalagdes Formanden at opfordre Thinglagets Indvaanere til at indsette Penge i Banken (Sparebanken), samt endvidere at paa lagdes Jakob Laurgaard uopholdelig at indbetale til Indretningens kasserer S. Hørven det Pengebeløb, Lensmand Staff i sin Tid testamenterede til et Grundfond for en Sparebank i Lom.

5. Endelig paalagdes det Formanden at besørge anskaffet for Indretningen 400 Eksemplarer trykte Kontrabøger, samt ligeledes 500 Stkr. trykte Blanketter til Vekselobligationer og 100 Stkr. Aftryk af Foreningens Statuter. Det bemærkes, at Kontrabøgerne ogsaa bør indeholde Aftryk af Indretningens Love. Han paalagdes derhos at anskaffe de Protokoller, der antages at være nødvendige til Forretningens bestyrelse.

## Sparebanken kunne ta til

Hermed var ein komen så langt at sparebanken kunne ta til med verksemda si. Rett nok kan ein tykkja at det er mange spørsmål som burde vori handsama i forstandarskap og styre før banken kunne opne døra for kundane. Det er ikkje nemnt noko om kvar banken skulle halde møta sine, ikkje noko om kva tid banken skulle halde ope, når verksemda skulle ta til o.s.b.

Det kunne òg ha vori naudsynleg med ein instruks for kasseraren, så han kunne ha noko å halde seg til, like eins ymse retningsliner for verksemda til styret.

Det var noko nytt som skulle prøvast. Det var ikkje fagfolk som hadde med oppgåva å gjera, men derimot menn frå bygdene som sjølv skulle prøve å ta eit tak for å betre levevilkåra for seg sjølve og etterkomarane sine. Men det var dugande menn som stilte seg i brodden for denne oppgåva, det var dei beste menn som bygdene åtte. Ei god hjelp hadde desse mennene i presten Ottesen, som var fyrste soknepresten i Skjåk etter at bygda vart eige prestekall i 1863. Ottesen var like eins fyrste ordføraren i Skjåk. Han var framleis ordførar på den tida banken vart grunna, og hadde elles leiinga i alt styre og stell i bygda. Han var ein framifrå dugande mann, både som prest, menneske og bygdemann.

Like eins må ein her nemne ein mann som Ole G. Kvale, eller «Vekkje-Kvaalen» som han vart kalla. Det var om denne mannen Bjørnson skal ha sagt at han var det mest gåverike menneske han nokon gong hadde møtt. Ole G. Kvale vart ordførar i Lom i 1848, og var frå denne tida så å seia den sjølvskrivne leiari i alle offentlege gjeremål i bygda i over 30 år. Det er knapt for mykje sagt at det var Ole G. Kvale som òg var den berande kraft i førebuingarbeidet med å grunne banken. Like eins er det mykje som talar for at det var han som fekk lensmann Staff på den tanken å gje pengar til fond for ein sparebank i bygda.

## Arbeids- og tenestefolk skal spare

Den fyrste planen for sparebanken fortel ei fortetta historie om den opprinnelege tanken bak sparebankvesenet og kva det etter kvart utvikla seg til. Den fyrste paragrafen opnar slik:

### §1

Sparebankens Formål er at modtage Penge af Personer af begge Kjøen, i Særdeleshed af Arbeids- og Tjenestefolk, og at gjøre samme frugtbringende for Eierne ved Beregning af Renter og ved at lægge Renterne til Kapitalen. . . .

## Staten og staskassa halden utanfor

Det ser ut til at ein i Norge frå fyrste stund valde å halde staten og statskassa utanfor sparebankane. Bankane skulle sjølve ha ansvaret for å låne ut pengane sine. Etter 50 års røynsle med sparebankdrift i Norge hadde derfor formuleringane om å gjere pengane fruktbringande så smått kome inn i vedtektene slik vi ser det for Lom og Skjåk Sparebank. Paragraf 18 i vedtektene fortel om kva for utlånspolitikk som skulle leggjast til grunn.

### §18

Personer, som udmærke sig ved flittigen at gjøre Indskud, skulle, når de komme i Trang, have fortrinlig Adgang til at erholde Laan af Sparebankens Midler.

Der var det ikkje nok å ha vore flittig innskytar. Førerett til lån skulle dei ha som «trenger kapital til å starte en næringsvei». Det er interessant at dette har falle ut.

Den mest sannsynlege grunngevinga er at andre bankar byrja å ta over som «forretningsbankar», slik at sparebankane ikkje lenger skulle prioritere oppstarting av næringsdrift. Den statlege Hypotekbanken (skipa 1851) var spesielt viktig for moderniseringa av landbruket. I byane tok dei reine forretningsbankane så smått til å vekse fram.

Den sosiale sida av sparebankvesenet gjekk ut på å verne småfolk mot dei tidlegare ågerkarane som lånte ut til skyhøge renter til folk i naud. På den andre sida skulle pengane til sparebankane lånast ut med minst mogleg risiko. Her oppstod ei målkonflikt. Det er større risiko for at banken taper pengane sine ved utlån til fattige. Kombinasjonen av at det var dei velhaldne som i praksis kom til å bli innskyttarar og at det var innskyttarane som skulle ha førerett til lån, gjorde at sparebankane ikkje vart dei sosiale institusjonane som den opprinnelege tanken var.

## Kommunane grunnla banken

Styringa av banken kom i lang tid til å bli prega av oppstarten. Forstandarskapet var det øvste organet i sparebankane. Det var såleis dei som valde både styre og direksjon. Paragraf tre i planen handlar om korleis forstandarskapet skulle veljast. Kort sagt skulle det fyrste forstandarskapet veljast av og blant medlemmene i «Lom og Skiagers Kommunebestyrelse». Dei som ikkje vart valde på denne måten, skulle kunne veljast blant villige «mænd» som var innskyttarar eller busette i soknet.

I starten måtte kommunestyret stå sentralt fordi banken ikkje hadde innskyttarar som kunne veljast inn i styrande organ før han vart skipa. Derfor står

det at «De Forstandere, der ikke henhøre til Kommunebestyrelsen, velges fyrste gong af Sparebankens Grunnlæggere». Her var det Lom og Skjåk kommune som også var grunnleggjarar. Etter dette fyrste valet var regelen denne:

«Senere, naar Vakance indtræder, eller hvis Kommunebestyrelsens Medlemmer undslaae seg for Befatning med Sparebanken, supplerer Forstanderskabet sig selv- -».

Resultatet av dette vart at kommunestyra si etterstand og kjønn samansetjing også vart avgjerande for kven som fekk sete i dei styrande organa i banken. Vanlege arbeids- og tenestefolk, som sparebanken etter §1 hadde som formål å tene, hadde den gongen ikkje stemmerett. Dei var derfor heller ikkje valgbare til kommunestyret. Kvinner hadde heller ikkje verken stemmerett eller rett til å veljast til heradsstyret. Dessutan stod det svart på kvitt i § 3 at berre «mænd» var valgbare også blant dei som kunne rekrutterast utanfor heradsstyret.



Storstabburet var den felles banken for Lom og Skjåk før sparebanken tok over. Kornbankane skulle først og fremst sikre at det var såkorn neste vår sjølv om avlinga skulle bli øydelagt eit år. Det var ei spareinnretning for såkornkapital. Men korn var jamgodt med pengar. Derfor kunne kornbanken vere noko å ha i bakhanda for mange høve. Det var vanleg at dei gamle kornbankane vart seldt og at pengane gjekk inn som startkapital for sparebanken. Slik var det ikkje her. Kornbanken (Storstabburet) var i bruk etter at sparebanken var stifta. Fotografi frå rundt 1905. Utlånt av Kristian Hosar.